
Vår referanse 2020/59357-3
Dato 21.09.2020

OTTAR MÆSTAD
ROSSLANDSVEGEN 1582
5917 ROSSLAND

Vedtak - Disp. byggegrense - Fv 564 - Gnr 347 bnr 70 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 26.06.2020. Vi seier oss leie for den lange sakshandsamingstida og ulempene dette kan ha medført.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 564 for å oppføre terrasse på gnr. 347 bnr. 70 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 26.06.2020.
2. Avstanden frå terrassen til senterlina på fv 564 skal vera minst 40 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 564.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Tiltaket ligg vest for fv. 564. Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og årstdøgertrafikk (ÅDT) er 1400. Vegstrekninga er klassifisert til haldningsklasse «streng» jf. *2017 - 2020 Rammepplan for avkøyrslø med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest.*

Vi vurderer avstanden til det omsøkte tiltaket å ivareta trafikktryggleiken, behov for vedlikehald og drift samt arealbehovet ved ei evt. framtidig utviding av vegen. Etter ei heilskapleg vurdering av tilhøva på staden har vi ingen innvendingar til tiltaket.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Hege Løvteit
Leiar

Silje Svanevik-Røren
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg
1 Situasjonsplan